



Høyringsforslag - Forskrift 27. juni 2024 for skulefritidsordninga i Ulstein kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Ulstein kommune 27. juni 2024 med heimel lov § 4-5 (5)

§ 1 Eigartilhøve

Ulstein kommune eig og driv SFO ved grunnskulane i kommunen.

Levekårsutvalet er ansvarleg politisk styringsorgan, og samarbeidsutvalet ved den einkilde skule fungerer som styre.

Skulefritidsordninga i kommunen er administrativt lagt til barneskulane, der rektor er leiar for ordninga ved sin skule.

§ 2 Mål for SFO i Ulstein

SFO skal styrke det totale oppvekstmiljøet for barn frå 1. til 4.klasse. Det skal vere eit fritidstilbod utanom den ordinære skuledagen. Tilbodet skal legge vekt på leik i eit trygt og skapande miljø.

Ulstein SFO skal saman med heimen legge til rette for vekst og utvikling, og gi borna trygghet og omsorg. Det er eit mål at born som vekst opp i Ulstein skal bli sjølvstendige, tolerante og skapande menneske som kan ta ansvar og ha omsorg for andre.

Det er vidare eit mål at dei skal bli glade i heimstaden sin, og få tru på seg sjølve gjennom leik og samhandling med andre.

§ 3 Rammer for SFO i Ulstein

Skulefritidsordninga gjeld i hovudsak **elevar i 1. – 4. klasse**.

For elevar som etter tilråding fyller vilkåra for **særlege behov**, omfattar ordninga også **5.-7.klasse**. Den **daglege opningstida** vert fastsett etter behovet ved den enkelte skule, men innanfor tidsramma 07.00 – 17.00 og maks 9 timar. Opningstida vert årleg vurdert og fastsett av rektor i samråd med oppvekstetaten.

SFO vert tilbode i 11 månader. Tilbodet gjeld frå august til og med juni. Det er SFO-tilbod ved alle barneskulane i Ulstein kommune innafor skuleåret, føresett at der er minst 6 påmelde ved skulestart.

SFO har **ferieope** i haust- og vinterferie og tre veker i sommarferien. Ferietilbodet vert gitt ved Ulsteinvik barneskule. Påmelde i SFO kan nytte ferietilbodet i høve plass-storleik (5, 4, 3 eller 2 dagar per veke). Elevar som går ut 1. – 4. klasse, kan nytte ferietilbodet ut juni månad. Ferietilbodet i august kan nyttast av påmelde i SFO som komande skuleår skal gå i 1. – 4. klasse. Barn med særlege behov kan nytte heile ferietilbodet.



ULSTEIN KOMMUNE

Det er ikkje SFO i samband med skulefri ved jul, påske og andre høgtider samt studie- og planleggings dagar.

SFO tilbyr fire ulike plass-storleikar:

Tilbod	Antal dagar
Heil plass	5
Dagplass	4
Dagplass	3
Dagplass	2

Einingane kan selje enkelttimar ved eigen skule, med atterhald om ledig kapasitet i høve bemanning. Timesal kan avtalast for ei veke om gongen, med ei øvre grense på 6 t/v for kvart barn.

Dersom ein skule har mindre enn seks søkjarar, vil det ikkje bli gitt tilbod om SFO ved skulen. Elevar vil då evt. få tilbod om SFO ved ein annan skule.

SFO disponerer høvelege klasserom/aktivitetsrom, gymsal, skulen sitt uteområde, garderober og toalett.

§ 4 Bemanning

Det er ønskjeleg at tilsette i SFO har fagbrev i BU-faget. Ulsteinvik barneskule og Hasund skule har avdelingsleiar.

Bemanningsnorm:

BARN	10 - 18	19 - 36	37 - 54	55 - 72	73 - 90	91 – 108	109 - 126	127 - 144
VAKSNE	1	2	3	4	5	6	7	8

I særlege tilhøve kan bemanning aukast utover norma, dersom nødvendige ressursar er tilgjengelege.

§ 5 Opptak

SFO er eit tilbod til barn i 1. – 4. klasse. Ved stor søknad vert dei yngste elevane prioriterte, og det vert loddtrekning blant dei eldste elevane.

Born med særleg behov i 1.-7.klasse vil få tildelt ordinær plass ved SFO. Plass i SFO gjeld for eit skuleår.

Påmelding via fastsett elektronisk skjema. Link til skjema ligg på kommunen sine nettsider.



ULSTEIN KOMMUNE

§ 6 Oppseiing av plass

Oppseiing av SFO-plass skjer skriftleg direkte til skulen.

Plass i SFO kan berre seiast opp pr. 31.desember, og med to månaders varsel (dvs. innan 1.november). Oppseiing til andre tidspunkt kan imøtekomast dersom det er venteliste ved ordninga, eller når det kan dokumenterast tungtvegande grunnar (økonomi, sjukdom, ol).

§ 7 Endring av plass

Endring av tildelt plass-storleik, td frå heil til dagplass – og omvendt, kan meldast på fastsett elektronisk skjema. Tidspunkt for endring av plass avtalast med SFO-leiinga ved den einkilde skule, tilpassa heil månad og bemanning.

§ 8 Foreldrebetaling

Satsane vert fastsette av Ulstein kommune for kvart skuleår.

Vedtak som til ei kvar tid gjeld betalingsatsane, vert eigne vedlegg til vedtektene. Det vert gitt søskenmoderasjon i samsvar med gjeldande betalingsatsar.

For born i 1. og 2.klasse er det gratis kjernetid 12 t/veke. Gratis kjernetid vert trekt frå eigenbetalinga for plass-storleikane 5, 4 og 3 dagar. 2 dagars-plass i SFO er gratis for 1. og 2.klasse.

Husstandar med lav inntekt har rett på redusert foreldrebetaling, jf forskrift til opplæringslova §1B-1.

Det er gratis SFO for born med særskilde behov på 5. – 7. klasse.

Ordinær foreldrebetaling for 11 månadar pr. år (august – juni).

For born som ikkje vert henta til avtalt tid, vert det kravd kr 50,- pr. påbegynt halvtime. Dersom foreldrebetaling ikkje vert betalt, kan tildelt plass verte dregen attende. Førsette skal i god tid, seinast ein månad på førehand, få varsel om inndraging av plass.

§ 9 Diverse

Rektor skal gjere foreldre/ føresette kjende med gjeldande vedtekter for SFO-ordninga før tildeling av plass.

SFO-einingane har eigne informasjonsskriv som blir levert foreldra ved oppstart. Her vert det m.a. opplyst om mat-ordningar, kle og anna utstyr, leksearbeid, kontaktmøter m.m.

Barn med feber, omgangssjuke eller andre smittsame sjukdomar skal ikkje møte på SFO. Fråver skal meldast til personalet snarast råd.



ULSTEIN KOMMUNE

§ 10 Vedtektsendring

Endring i vedtektene må leggest fram for Levekårsutvalet.
Prinsipielle og vesentlege endringar skal handsamast av kommunestyret.
Vedtektsendring krev vanleg fleirtal.

§ 11 Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå og med 1. august 2024.